www.hardanger-folkeblad.no

Hardanger Folkeblad

Nok ein god konsert av Vamp

Vamp spelte mange av dei eldre låtane sine under torsdagens konsert i Odda kinosal. Høgdepunktet var «Månemannen», frå 2002-plata.

Det var ikkje eit einaste ledig sete å oppdriva i Odda kinosal. Vamp er gruppa som trekkjer fulle hus over heile landet.

Foto: Helen Frøyseth

- Sommar, horisontar, og det å lengta heim er noko av det vi skal syngja om i kveld. Ja, eg ser de er overraska, seier Øyvind Staveland i Vamp.

Haugesundgruppa Vamp hyllar kvardagen, det jordnære og ikkje minst havet.

- Her er nok ein sang om havet, seier Staveland, før dei dreg i gang med låta ved same namn, frå den siste plata.

Foto: Helen Frøyseth

Vamp leverte varene gjennom heile konserten. Publikum vart varmare i trøya for kvar nye låt, og då vokalist Vidar Johnsen insisterte på at alle måtte reisa seg og klappa på «Månemannen», vart det stor stemning i salen.

Vamp er utan tvil best live. Det beste albumet dei har gjeve ut er etter mi meining live-plata «Folken» frå 1996. Mange av låtane Vamp spelte på Odda kino i går finn du på denne plata. Eg kan nemna: «Linehålsma`en», «Brista eller bera», «Sitte å tenke», «Ferskenblomsten», «Hønsahus», og sjølvsagt «Tir n`a noir». Då Vamp byrja å spela sistnemnde låt gjekk det for øvrig eit tilfredsstillande sukk gjennom heile salen.

Og for deg som aldri får nok av Vamp kan det nemnast at det neste haust vert det musikal av låtane, på Festiviteten i Haugesund.

Sjefen på Haugesund Teater, Birgit Amalie Nilssen, vert manusforfattar. Ho skal laga musikal, basert på en karriere som strekkjer seg over 15 år. I dag er det ikkje klart kven som skal stå på scenen. Men det er ikkje gruppa sjølv, står det å lesa på nettstaden til Vamp.

Publisert : 08.09.2006 - 10:21 Oppdatert: 08.09.2006 - 13:45